



## Styre

Styret har i året 2004 vore samansett slik:

Leiar	Arnstein Brevik
Nestl.	Nils Tore Leivdal
Sekretær	Magnar Almberg
Kasserar	Pål Kristiansen
Styremedl.	Torgeir Bergfald

Musikalsk leiar har vore Helge Husby.  
Det har vore 2 styremøte.

## Aktivitet

Laget har stort sett hatt øvingar ein til to gonger i månaden. Øvingsstad har vore Halså ungdomsskule og i haust Blekken skule. Oppmøtet på øvingane har vore noko variabelt, frå tre-fire til åtte på det likaste. Ein kan difor, utan å ta for hardt i, seie at det er eit visst behov for rekruttering.

Noko tilvekst har det rett nok vore, fleire av dansarane frå "Tingvollmiljøet" har kome med som medlemmar. Dette er positivt, og det må bli ei oppgåve framover å utvikle samarbeidet med dansarane. Vi har og fått med ein sekkepiperleiar, noko det truleg er få lag som kan skilte med.

## Kapleik

Som ein ser, har det ikkje vore særleg med møte i styret. Grunnen til dette er hovudsakeleg at laget stod som arrangør av Fylkeskapleiken 2004, og at det meste av kapasiteten gjekk med til dette arbeidet. Det vart sett ned ei eiga kapleiksnemnd under leiing av Nils Tore Leivdal og med Helga Eikrem, Kirsty McKinnon, Linda Løset, Pål Kristiansen, Helge Husby og Arnstein Brevik som medlemmar. Nemnda hadde tolv møte, og ein må kunne seie at det vart lagt ned eit stort arbeid.

Eit så stort arrangement ville vore heilt umuleg for laget om det ikkje hadde vore for det gode samarbeidet med folk frå *UL Ottar Birting* og andre gode krefter i Tingvoll. Kapleiken gjekk av stabelen helga 8. – 10. oktober, og etter kva ein har høyrte frå ulikt hald, vart det eit retteleg godt arrangement der konserten i Tingvoll kyrkje nok var høgdepunktet for svært mange. Laget deltok på konserten med ein bruramarsj. Elles bestod programmet av Folkemusikkpub på Tingvoll Brygge, tevlingar i ymse klassar, konsert med *Hørkelgaddan* i lag med "seniororkesteret" *Hørselskaddan* og dans til musikk frå deltakarlag.

Når det gjeld plasseringar vart bildet noko blanda, folk frå laget gjorde det godt i open klasse og i klassane for dans og vokal, medan det gjekk heller dårleg i lagspelet. Ein viser til resultatlistene for detaljar.

## Andre arrangement og spel

Laget arrangerte, i lag med kommunane Aure og Tustna, ein konsert i Gullstein kyrkje 7. mars. Det musikalske innhaldet var i tillegg til slåttane laget spelte, stort sett ulikt stoff etter Hallvard Nordheim. Gro Kjelleberg Solli, Erik Fostervold, Marit Aspås, Ola Bræin og Alexey Kurbanov ga dei frammøtte ei flott oppleving av tradisjonsmusikk frå Nordmøre. Den siste opptreden laget hadde i 2004 var på nyårsaftan da laget spelte bruramarsj frå Tingvoll i bryllaupet til Helga og Tomas i Straumsnes kyrkje.

Som vanleg var laget sin nestleiar "primus motor" i samband med den årlege Nordmørskvelden i Innerdalen. Dette arrangementet vart heldt 24. – 26. september.

Elles tek ein med at eitt av medlemmane i laget, Gro Kjelleberg Solli, vann A-klassen i vokal folkemusikk på Landskapleiken og at ho saman med nokre av samarbeidspartnarane sine er nominert til Spellemannsprisen for cd-en *Til deg*.

Til slutt nemner ein at laget har fått sine egne internettsider. Dei er å finne på denne adressa:

<http://www.nordmore-spelogdans.com/> Det er Helge Husby som har stått for dette arbeidet. Her kan ein finne smått og stort om laget, mellom anna tid og stad for øvingar, resultatlistar frå Fylkeskapleiken og andre godbitar.

6. februar 2005

For styret i Nordmøre spel- og dansarlag

*Arnstein Brevik*